



Vestlandshus Arkitekter As
Lerstadvegen 517
6018 Ålesund

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/31568	26/3132	Arild Knutsen - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		23.06.2026

Dispensasjon og løyve i eitt trinn - 49/93 - Lekvenmarka 14 - Tilbygg med garasje

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 49/93
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 321/2026

Vedtak

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå regulert maksimal utnyttingsgrad, slik som det går fram av søknaden, for oppføring av tilbygg med garasje. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå byggjegrænse for tilbygg med garasje med ein avstand frå næraste byggverksdel på 4,4 meter til senterline køyrebane i snuhammar, og 9,1 meter avstand til senter veg, slik som det går fram av søknaden. Dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår:

1. Byggverket må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom om søkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå dags dato.
3. Eigar fråskriv seg krav på erstatning for skade eller ulemper som skyldast mellom anna vegvedlikehaldsarbeid, utbetningsarbeid eller vegtrafikken (som er ei følgje av at søkte byggverk er plassert innanfor byggjegrænsa til kommunal veg).
4. Byggverket må ikkje hindra naudsynt sikt i avkøyrslar i følgje gjeldande krav. Dette gjeld òg for eventuelle naboeigedomar.
5. Dersom byggverket vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan byggverket krevjast fjerna med heimel i veglova § 36 utan kostnader for Bjørnafjorden kommune.
6. Viss byggverket må rivast som følgje av eventuell utviding av den kommunale vegen, må dette arbeidet i si heilheit kostast av heimelshavar.
7. Punkt 6 må tinglysast som hefte på eigedomen av søkjar.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngivinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Løyve til tiltak

Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt-trinn for oppføring av tilbygg med garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 26.03.2026, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld òg dispensasjonsløyvet.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område, Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak



Saka gjeld søknad om oppføring av ein garasje med eit bruksareal (BRA) opplyst til å vere 40,4 m² og bygd areal (BYA) 47,7 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 29,89 %.

Det blir elles vist til søknad motteke 26.03.2026, med tillegginfo motteke 27.03.2026 og 22.06.2026.

1.2 Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for «Lekven utmark 1, tillegg (Lyhaugen)» (jf. planid: 19970701) er definert som bustad.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 23.02.2026. Avstand til veg/snuhammar er 4,4 meter. Avstand til senter av veg er opplyst til å vere 9,1 meter. Avstand til nabogrensa er 1 meter. Tiltaket er plassert for nære nabogrensa. Det ligg føre samtykke frå eigar av gbnr. 49/92, datert 25.02.2026.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant / ingen endring.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedommen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg / godkjent avkøyrsløp i samsvar med pbl. § 27-4.

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Det er ikkje henta inn uttale frå ekstern mynde. Søknad om dispensasjon frå avstand til veg/snuhammar har blitt sendt på uttale til samferdselsavdelinga i kommunen. I notat av 23.06.2026 skriv dei at det kan bli gitt dispensasjon frå byggjegrænse for ein avstand på 4,4 m frå senterline køyrebane i snuhammar til næraste byggverksdel. Dei legg vekt på at det kan bli gitt dispensasjon på dei 7 vilkåra som er nemnde over.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring. Vedtaket blir sendt Statsforvaltaren i Vestland for klagerett.

2. Dispensasjon



Då utnyttingsgraden for tiltaket vil vere på 29,9 % krev det dispensasjon frå regulert utnyttingsgrad på 25 %. I tillegg er det behov for dispensasjon frå regulert avstand til veg og snuhammar.

2.1. Grunngeving:

For det å dispensere frå regulert utnyttingsgrad er det søkt med slik grunngeving:

«Tiltaket omhandler oppføring av garasje som tilbygg til eksisterende bolig. Siden tiltaket omfatter en etablering av garasje med 47,7m², vil vi overskride % BYA som er regulert til maks 25 %

Ansvarlig søkers vurdering av hensynet bak bestemmelsen
Hensynet bak bestemmelsen om maksimal tillatt utnyttelsesgrad er å begrense hvor mye av tomten som bebygges og ivareta en hensiktsmessig og forsvarlig utnyttelse av byggeområdet.

Eiendommen vil etter omsøkt tiltak få en utnyttelse på 29,9 % BYA medregnet to biloppstillingsplasser i garasje, med utvendig parkeringsplass på terreng i tillegg vil den bli på 32,76 % BYA. Vi vurderer at overskridelsen er liten, spesielt dersom man ser på nærliggende bebyggelse langs samme vegstrekning, med blant andre gnr./bnr. 49/92 med ca. 31 % BYA, gnr./bnr. 49/91 med 40 % BYA og gnr./bnr. 49/85 med 36 % BYA. Omsøkt tiltak vil dermed underordne seg naboene med hensyn til bebygd areal, selv etter oppføring av omsøkt tiltak.

Hensynet vil heller ikke tilsidesettes ved at arealet som skal benyttes til oppføring av garasje allerede er avsatt til parkering og markert som fremtidig plassering for garasje i allerede godkjent situasjonsplan i søknad for boligen. Det vil derfor ikke endre eiendommens faktiske arealbruk, og innebærer i realiteten kun en omdisponering av parkeringsarealet innenfor allerede opparbeidet gårds plass.

Hensynet bak bestemmelsen om % BYA om å sikre god bokvalitet opprettholdes ved at man klarer store fine uteoppholdsarealer både på terreng og på terrasser, en garasje vil også heve bokvaliteten betraktelig for tiltakshaver både med hensyn til overdekt parkeringsplass og med hensyn til etableringen av rampe.

Overskridelsen i seg selv er svært liten, og erstatter et areal som i dag allerede er asfaltert og beregnet som biloppstillingsplass med harde flater.

Tiltaket er planlagt iht. eksisterende bebyggelse og det som ble godkjent ved oppføring av eksisterende bolig og tilpasser seg i stor grad denne. Under utarbeidelsen av prosjektet har det vært viktig å hensynta eksisterende bolig og dens utforming med eiendommens terreng rundt boligen i så stor grad som mulig, samtidig som garasjen skal være praktisk i bruk. Dette i seg selv kan være med på å stabilisere boforholdene på eiendommen, noe som er positivt for området generelt.»

For det å dispensere frå avstand til veg og snuhammar, er det søkt med slik grunngeving:

«Tiltaket omhandler oppføring av garasje som tilbygg til eksisterende bolig. Siden tiltaket omfatter en etablering av garasje med 47,7m², vil tiltaket delvis komme utenfor byggegrense mot regulert veg/snuhammer.



Ansvarlig søkers vurdering av hensynet bak bestemmelsen
Hensynet bak veglovas avstandsbestemmelser er å ivareta trafikksikkerheten og vedlikehold av vei og veisystemet, samt å ivareta miljø og samfunnshensyn på eiendommer langs vei. For å sikre gode boforhold er det viktig å opprettholde en viss avstand til trafikk, støy og forurensning.

Vi viser til at omkringliggende naboer har garasjer koblet sammen med boligen, liggende omtrent orientert mot veg med kortere avstand (og delvis utenfor byggegrense iht. reguleringsbestemmelse §1.02 som sier at garasje kan plasseres utenfor byggegrensen).

På grunn av snuhammeren er byggegrensen for den aktuelle eiendommen regulert en del lengre inn enn for eiendommene ellers langs vegtraseen. Samtidig er flere bygg blitt godkjent utenfor byggegrense mot veg. Bygningen vil derfor ikke tilsidesette hensynet bak bestemmelsen, siden garasjen uansett vil få en mye lengre avstand til vegen. Det vil fremdeles være plass til å benytte seg av snuhammeren, lagring av snø og tilstrekkelig plass til å kunne drive vedlikehold av vegen. Fremtidig garasje slik det fremkommer av godkjent situasjonskart i byggesaken er også godkjent utenfor regulert byggegrense nærmere regulert vegareal. Veien er ellers lite trafikkert, og det er i utgangspunktet få eiendommer som er tilknyttet vegen. Det er også regulert snuhammer lengre inn i vegen som også kan benyttes. Snu og manøveringsareal vil i liten grad endres fra dagens situasjon.

Vi vurderer derfor at hensynet bak bestemmelsen ikke blir vesentlig tilsidesatt. Ansvarlig søkers vurdering av fordeler og ulemper. Det er en ulempe i seg selv å dispensere fra bestemmelsen, men vi vurderer at ulempen reduseres ved at bruken av snuhammeren kan opprettholdes, det er tilstrekkelig plass til lagring av snø og garasjen vil ikke være til hinder for vedlikehold av vegen. Vi vurderer at det er en fordel at bestemmelsen åpner opp for at garasje kan plasseres utenfor byggegrense til naboeiendom, og på den måten ikke er like streng for garasjer og det kommer an på hvordan man vurderer definisjonen av naboeiendom. Vi vurderer at det er en fordel at garasjen vil plasseres lengre unna vegtraseen enn resterende eiendommer, samtidig som at det er en stor fordel at man opprettholder bruken av snuhammeren. Vi vurderer det som en fordel at tiltaket tilpasser seg området struktur med plassering av garasjen, den orienterer seg på lik linje med resterende bygg mot veg.»

Sjå elles vedlagt søknad.

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.



2.3. Vurdering:

Omsynet bak å ha ein maksimal utnyttingsgrad i ein reguleringsplan handlar om å sikre balanse mellom utbygging og kvaliteten på omgjevnadene. Ein kan med dette hindre overutnytting styre korleis området blir sjåande ut og korleis det vil fungere.

Omsynet bak avstandskrav til veg/snuhammar er at området skal fungere trygt og praktisk, samstundes som kommunen skal kunne kan drifte infrastrukturen på ein god måte.

Om det å dispensere frå regulert utnyttingsgrad

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak regulert utnyttingsgrad, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

I søknaden viser søkjar til at tiltaket vil innebære ei mindre overskriding av maksimal tillaten utnyttingsgrad, og at omsyna bak føreseigna likevel vil verte ivaretekne.

Kommuneadministrasjonen har vurdert saka, og meiner at det i dette tilfellet ikkje vil skje ei vesentleg tilsidesetting av omsynet bak regulert utnyttingsgrad dersom dispensasjon vert gjeven. Det blir lagt vekt på at overskridinga er relativt avgrensa, frå 25 % til om lag 29,9 % BYA, og at dette står fram som eit relativt moderat avvik frå gjeldande reguleringsføresegn. Administrasjonen understrekar likevel at dette er i øvre sjikt av kva som kan godkjennast administrativt, og at det er lagt vekt på at det tidlegare er gitt dispensasjonar frå utnyttingsgraden.

Administrasjonen vurderer vidare at omsynet bak føreseigna – å sikre ei føremålstenleg utnytting av eigedomen og unngå for tett utbygging – i stor grad vert ivareteke. Det aktuelle arealet er allereie opparbeidd som parkeringsareal med harde flater, og tiltaket inneber i realiteten ei omdisponering innanfor eit etablert bruksområde. Oppføring av garasje vil difor ikkje medføre ei vesentleg auke i faktisk arealbeslag utover det som allereie er teken i bruk. Det vert også lagt vekt på at tiltaket ikkje i nemneverdig grad reduserer kvaliteten på uteareala på eigedomen. Eigedomen vil framleis ha tilfredsstillande uteoppfaldsareal både på terreng og på terrasse, slik at omsynet til bukvalitet vert oppretthalde. Ein garasje vil i tillegg kunne bidra positivt til brukskvalitet og funksjonalitet for eigedomen, mellom anna gjennom betre parkeringsforhold og tilrettelegging for universell bruk.

Når det gjeld verknader for omgjevnadene, meiner administrasjonen at tiltaket vil tilpasse seg eksisterande bygnadsmiljø. Det er vist til at fleire nærliggande eigedomar har ein utnyttingsgrad som ligg på eller over det omsøkte nivået. Sjølv om desse ikkje er avgjerande, underbyggjer dei at tiltaket ikkje står fram som framandt eller dominerande i området. Administrasjonen merkar seg vidare at plassering av garasje har vore føresett i tidlegare godkjent situasjonsplan, noko som indikerer at tiltaket er i tråd med tidlegare vurderingar av eigedomen si utnytting og struktur.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak regulert utnyttingsgrad, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Kommuneadministrasjonen legg til grunn at det alltid vil vere ei viss ulempe ved å dispensere frå ein vedteken plan. Dette heng saman med omsynet til føreseielege rammer for arealbruken og likebehandling av saker. Reguleringar er vedtekne gjennom planprosessar



der ulike omsyn er vurderte samla, og dispensasjonar kan i utgangspunktet svekkje planverket si styringseffekt og skape presedens for nye avvik. Samtidig er det etter lova opna for dispensasjon der fordelane er klart større enn ulempene, etter ei konkret vurdering i den enkelte saka. I denne saka meiner kommuneadministrasjonen at vilkåret er oppfylt.

Administrasjonen legg vekt på at overskridinga av utnyttingsgraden er avgrensa. Sjølv om det inneber eit avvik frå regulert nivå, er avviket relativt moderat og ligg på eit nivå som også finst i nærliggande eigedomar. Dette tilseier at tiltaket ikkje vil stå fram som vesentleg avvikande eller belastande for området som heilskap.

Vidare legg administrasjonen vekt på dei konkrete fordelane tiltaket vil gi. Tiltaket legg til rette for betre funksjonalitet i bustaden, mellom anna gjennom etablering av garasje og betre tilgjenge. Dette bidreg til å oppretthalde kravet om tilgjengeleg bueining og gjer det mogleg for bebuarane å bli buande lengre i eigen bustad. Slike forhold er i tråd med overordna mål om god livskvalitet, førebygging og moglegheit for å bu heime lengst mogleg. Dette er omsyn som veg tungt i vurderinga.

I tillegg vil tiltaket ikkje i vesentleg grad gå på kostnad av uteopphaldsareal eller bukvalitet. Eigedom vil framleis ha tilfredsstillande uteareal, og plasseringa av garasjen er tilpassa eksisterande struktur i området. Tiltaket fremjar difor både brukskvalitet på eigedom og ei vidareføring av etablerte bygnadsmønster.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Om det å dispensere frå avstand til veg/snuhammar

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak avstandskravet til veg/snuhammar, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

I si uttale har samferdselsavdelinga skrive at det kan bli gitt dispensasjon frå byggjegrænse for tilbygg med garasje med ein avstand på 4,4 meter frå senterline køyrebane i snuhammar til næraste byggverksdel. Ut frå ei fagleg vurdering frå samferdselsavdelinga, ser byggesaksavdelinga i Bjørnafjorden kommune at det vil ikkje skje ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak avstandskravet til veg/snuhammar, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

I søknaden viser søkjar til at det er ein fordel at føreseigna opnar for at garasje kan plasserast utanfor byggjegrænse til naboeigedom. Vidare vert det peika på at garasjen vert liggjande lengre unna vegtraséen enn fleire av dei andre eigedomane, samstundes som bruken av snuhammaren blir oppretthaldt. Tiltaket er òg tilpassa området ved at garasjen følgjer same orientering som eksisterande bygg langs vegen.

Kommuneadministrasjonen er samd i desse vurderingane, og legg særleg vekt på at tiltaket ikkje svekkjer trafikksikkerheit eller framkome, og at funksjonen til snuhammaren blir halden ved lag. Kommuneadministrasjonen vil samstundes peike på at dispensasjon frå reguleringsplan kan gjere utviklinga mindre føreseieleg, noko som tilseier varsemd, men at vi ser klare objektive fordelar ved dette tiltaket.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.



«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønnnet til å godkjenne dispensasjon, med dei vilkåra som går fram av vedtaksteksten.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.2. Privatrettslege tilhøve

Nødvendige privatrettslege forhold synast sikra gjennom den dokumentasjon som ligg i saka.

3.3. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.4. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynde. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova. Kunnskapsgrunnlaget er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

4. Andre opplysningar

4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing



Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Arild Knutsen
Rådgjevar - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

49/93 - Lekvenmarka 14 - Søknad om tilbygg med garasje

49/93 - Lekvenmarka 14 - Søknad om tilbygg med garasje

Situasjonsplan

Fasade, plan og snitt

Fasade, plan og snitt

Fasade, plan og snitt

Gjennomføringsplan

49/93 - Søknad om dispensasjon

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve